

KOME TIL DEG I



Småby på jorda

av Hans Jakob Reite

Sogn og Fjordane er ein småby i verda. Av dei sju milliardane på Tellus finn vi 108 000 fastbuande her i småbyen vår. Småbyen vår med grise gatenett. Her lever folket i parkar med frodige og romslege kjøkenhagar. Vi kokar suppe på aluminiumspikrar nær fossane våre og fortel kvarandre gamle sildeeventyr og nye oljeeventyr. Turistane kjem siglande og bisnar på dei vakre og verdskjende kanalane våre. Gatebyggerane i småbyen vil krysse kanalane med bruer i betong og bore seg snarvegar gjennom bakkar og berg. Andre vil skode mot stjernene, medan den religiøse majoriteten trur på svarte hol. Trur på snarvegar i fast fjell.

Spesiell småby? Tja, kven veit? Vi er spesielt velfødde. Her er spesielt grønt takka vere vasskrafta. Det mest spesielle er likevel å ha Josten – den store breen - midt i småbyen. Elles er vi gjennomsnittlege og må leve med det. Alle ser etter stjernene ein gong imellom. Nokre sit klar med stjernekkikerten og ventar på hol i gråskodda.

Undring er viktigare enn kunst. Men kunst er ein måte å undre seg på. Undre seg over dauden og livet. Undre seg over sild i olje, feite fjordhestar og facebook. Mennesket må undre seg for å leve. Også menneska i småbyen. Er kunsten viktig? Kan kunsten hjelpe til? Eg trur ja. Ved å sjå gjennom brotne speglar og ved å setje skeive spørsmålsteikn ved gamal løgn.

Stjernekkikarane er eliten. Vert det sagt i småbyen. Neppa. Men det er viktig for samfunnet at nokre speidar etter nye stjerner. At nokre undrar seg over sjansane for å få ein meteor i hovudet. Meteorar er uviktige. Totalt uviktige. Totalt uviktige for gateplanleggjarane og brubyggjarane . Men det er viktig at nokre studerer det uviktige. Kanskje kan det inspirere til at brusteinen vert lagt i stjernemønster?

Skal alle i småbyen forstå kunsten? Naturlegvis ikkje. Det er korkje naudsynt eller mogleg. Eg køyrer bil kvar dag utan å skjone meg på ein motor. Men hjula går rundt. Likevel. Trill rundt. Eg sit og klapprar på ein datamaskin utan å forstå anna enn alfabetet på tastaturet. Det går fint. Kanskje skriv eg berre tøys. Det går også fint. Det er nok av alvor og sjølvhøgtidelege artiklar i verda. I småbyen også. Vi treng ikkje stresse med at kunsten skal nå alle. Viss kunst fører til undring vil den nå alle likevel. Målsetjinga for ”Kome til deg i Tidende” er at kunstavisa skal nå alle i småbyen. Naturlegvis gjer den ikkje det – direkte. Naturlegvis gjer den det – indirekte. Misforstå meg ikkje. Eg meiner at kunsten skal nå flest mogleg – ikkje berre ein snever kunstbande. Dess fleire den når direkte, dess meir undring. Men kunst treng ikkje vere mislukka om den berre når nokre få. Nokre få i første omgang.

Politikarar spar opp pengar til kunstmusé. Eg undrast på kvifor, og finn samansette svar. Nokre politikarar er drøymarar. Dei vil ha eit rom å drøyme i. Rom å undrast i. Truleg er dette eit bitte lite mindretal. Politikarane ynskjer seg stort sett tunellar å drøyme i. Nokre politikarar ynskjer seg kunstmusé for at småbyen skal stå fram som moderne. På same måte som ein småby står fram som moderne når den er romsleg med homsar, moskébyggjarar og designfirma.

Ikkje fordi dei likar homsar, muslimar og design, men fordi dei trur at andre vil like småbyen vår om det ser ut som vi likar homsar og muslimdesign. Vi likar å verte oppfatta som rause og romslege. Slik at ungdomen vender heim att og dreg med seg det dei måtte finne av austlendingar og bergensarar på veggen. Derfor kan til og med asfaltengar brukast til å bygge kunstmusé. Nokre politikarar vil bestemme over kunsten og undringa, slik at folket i småbyen skal undrast meir over deira politiske fargar og mønster. Slike politikarar høyrer 70-talet til, men dei eksisterer framleis. I dag. Samfunnet treng fri kunst og fri undring. Men samstundes er kunsten prega av småbyen den speglar.

Kunst i samtid. Produisert nuh! Samtidskunst vert opplevt og forstått på éin måte i dag. Annleis i ei framtid. Småbyen gløymer fort. Kjartan Slettemark vert heidra inst inne i Naustedalen. Ludvik Eikaas si utsmykking av Sentralsjuehuset vekkjer ingen harme lenger. Kunstmuséet må aldri styrast av notidstyrantiet. Vi må samstundes passe oss for å fnyse forakteleg til dei som føretrekker figurative symbol som liknar konkret på det som skal uttrykkest. La romslegheita få rom i alle retningar. Dette må også gjelde samfunnsengasjement i kunsten. Nokre vel å vere tydelege politisk. I form og innhald. Eg synest dette ofte vert for nært og kjedeleg. For overtydeleg. Eg ynskjer meir distanse. Nokre uttrykker seg utan direkte samfunnsengasjement. Dette kan kanskje lettare stimulere til friare undring?

Lokalt på internett. Lokal inspirasjon er avgjerande. Kva gate i småbyen inspirerer mest? Tenk på Jølster Aveny og Nikolai Astrup. Den same Nikolai var på kunstreise. Han møtte Japan i Paris. No reiser kunstnarane lenger. På jorda og på nettet. Framande kunstnarar og innvandrarar kjem til oss. Det

lokale vert internasjonalt i nye blandingar i nye tider. Lokalglobalt? Globallokal? Utfordrande miks for kunstmuséet.

Bilbao og ”Bil-Bao”. Bilbao i Baskerland har Guggenheim. Småbyen Sogn og Fjordane får sitt kunstmusé rett ved det første lyskrysset i fylket. Meierikrysset i Førde. Mjølkebaren på Meieriet er bytta ut med Kaféen på Kunstmuséet. Eg ynskjer alle slags nye lukter i nybygget, men la der stå att ei lita skål med riskrem i baren og ein glasmugge med raud sos. La oss kunne fornemme lyden av bilar som rusar utolmodig i lyskrysset utanfor. Vegskilje og møteplass. Vonar eg får oppleve mest Bilbao. Men gi meg også litt av pulsen i småbyen ”Bil-Bao” - med skiftande blinklys. Litt av småbyen med ein isbre midt i gatenettet. Kunstmuséet er i det ytre forma som ei knust isblokk - med bryting og spegling. Bryting og spegling inne også. Der ynskjer eg rom for kompromisslaus glede og vakker provokasjon. Eit varmt rom å undrast i.

Kva er nytt og kvifor les du no? Det nye er at endringane går fortare. I samfunn og kunst. Vi må undre oss stadig fortare for å henge med. I tida. Går det an å undre seg på rekordtid? Eg veit ikkje. Men eg veit at eg tenkjer best når eg går. Går tankegang. Eg er her for å skrive til deg. Eg skriv for å gi deg noko å undrast over. På ein ny dag i småbyen. Skorne på. Gå og tenkje. Nye vegar? Ei ny dør? Eg undrast over kunst for fattig og rik: I småbyen vår – utkanten Sogn og Fjordane – i det styrtrike Norge treng vi kunst for å leve. I fattige samfunn under press treng dei kunst for å overleve. Kvifor er det slik? Kanskje det berre er så enkelt at alle menneske treng å undrast?

A tiny village in a big world

Hans Jakob Reite

Sogn og Fjordane can be compared to a tiny village in a big world. Of the seven billion living on Tellus, 108,000 of them live here in our little village. The little village with a scarcity of streets. Here people live in ‘parks’ with expansive and flourishing vegetable gardens. We churn out aluminium nails with hydropower from our impressive waterfalls and boast to each other about the herring adventure of old, and the oil adventure of the present. The tourists come in droves to admire our world-famous waterways. The street builders in this little village want to span these waterways with bridges made of concrete and blast shortcuts through our mountains and slopes. Others wish to shoot for the stars, but the religious majority here believe in black holes. They believe in shortcuts through solid rock.

A remarkable little village? Hm, who knows? We are remarkably well fed. It is remarkably green around here thanks again to hydropower. The most remarkable phenomenon, though, is undoubtedly the giant Jostedal Glacier – situated in the middle of our little village. For all other intents and purposes we are average and will have to live with that. Everyone looks to the stars once in a while. Some sit with their telescopes waiting for a hole to appear through the grey fog.

Pondering is more important than art. Yet art is also a way of pondering. Pondering over death and life. Pondering over hering and oil, and fat Norwegian fjord horses and Facebook. Human beings have to ponder things in order to live. Even people in small villages. Is art important? Can art be of help? I think so. By looking through broken mirrors and by questioning old lies.

The stargazers are the elite. Has this been uttered in the small village? Hardly. But it is important for society that someone is on the lookout for new stars. That someone ponders the chances of having a meteor fall on your head. Meteors are unimportant. Totally unimportant. Totally unimportant for city planners and the builders of bridges. But it is important that someone studies the unimportant. Perhaps it can generate inspiration to design the cobblestones in a star pattern?

Should everyone in small villages understand art? Of course not. It is neither necessary nor possible. I drive a car every day without knowing anything about an engine. But the wheels turn just the same. Around and around. I sit tapping on a computer without having knowledge about anything more than the alphabet on the keyboard. It works fine. Perhaps what I write is pure nonsense. That works too. There is enough gravity and enough self-absorbed articles in the world. In small villages as well. We don't need to stress about art reaching everyone. If art leads to pondering it will reach everyone anyway. The aim of the art newsletter “Kome til deg i Tidende” is that it will reach everyone in the small village. But of course it won't – directly. But of course it will – indirectly. Don't misunderstand me. I believe that art should reach as many as possible – not only a restricted band of art enthusiasts. The more art reaches directly, the more pondering there is. But art does not need to be a failure if it reaches only a few. A few the first time around.

Politicians hand out money for an art museum. I ponder why, and find complex answers. Some politicians are dreamers. They want to have rooms to dream in. Rooms to ponder in. Presumably this is a tiny minority. Politicians for the most part want to have tunnels to dream in. Some politicians wish to have an art museum so that the small village can appear to be modern. In the same way that a small village appears modern when it is tolerant of gays, builders of mosques and design firms. Not because they like gays, Muslims and design, but because they think that others will like our small village if it looks like we like

gays and Muslim design. We like to be perceived as generous and tolerant. So that our young people return home after a few years in ‘exile’, dragging with them whomever they’ve met along the way, whether from Oslo or Bergen. That is why even asphalt money is used to build an art museum. Some politicians want to decide over art and the act of pondering so that the people in the small village spend more time pondering their political colours and point of view. This kind of politician belongs to the 70s, but they still exist. Today. Society needs independent art and independent pondering. But art is also influenced by the small village it mirrors.

Art in its own time. Produced now! Contemporary art is perceived and understood in one way today. But differently in the future. A small village forgets quickly. After his death the controversial artist Kjartan Slettemark has been honoured into the far reaches of Naustdal. Ludvik Eikaas’ public art in the Sentralsjuehuset hospital no longer causes an outrage. The art museum must never be run by the tyranny of the present. We must also be wary of sniggering at those who prefer figurative symbols that look exactly like what they are supposed to express. Give tolerance space in every direction. This must also apply to socially engaged art. Some artists choose to be obviously political. In form and content. I often feel that this is far too intruding and tiresome. Too exaggerated. I prefer more distance. Some artists express themselves without any direct social engagement. Perhaps this is more effective in stimulating independent pondering?

Locally on the Internet. Local inspiration is essential. Which street in our small village inspires the most? Think of ‘Jølster Avenue’ and Nikolai Astrup. The same Nikolai had taken a trip to study art. He encountered Japan in Paris. Now artists travel even further. Around the globe and on the web. Foreign artists and immigrants come to us. The local has become international in new combinations, in new times. Localglobal? Globallocal? A challenging combination for the art museum.

Bilbao. Bilbao in the Basque Country has the Guggenheim. The small village of Sogn og Fjordane will get its spectacular art museum right next to the first traffic intersection in the county. The Dairy intersection in Førde. The milk bar at the Dairy has been exchanged for the Art Museum’s Café. One wants to have all kinds of scents in the new building, but please let there remain a little dish of rice pudding at the bar and a glass pitcher of red sauce. Allow us to be able to hear the sound of cars revving their engines impatiently at the intersection outside. A crossroads and a meeting place. I wonder if I will experience the feeling of Bilbao here. Just give me a little bit of the pulse of the small village as well – with its shifting lights. A little bit of the small village with a glacier in the middle of its street grid. The exterior of the art museum is formed like a crushed block of ice – with acute angles and reflections. Acute angles and reflections on the inside as well. I dream of a room for uncompromising joy and, a room for picturesque provocation. I dream of a warm room to ponder in.

What’s new and why are you reading this? What’s new is that the transformations occur more swiftly. In society and in art. We must ponder increasingly more rapidly in order to keep up. In time. Is it possible to ponder in record time? I don’t know. But I know I think best when I am walking. Walking the path of thought. I am here writing to you. I write in order to give you something to think about. On a new day in the small town. Put on your shoes. Go out and think. New roads? A new door? I ponder art for the poor and the rich, in our little village – the remote county of Sogn and Fjordane. In a Norway rolling in money we need art in order to live. In poor societies riddled with tension, they need art in order to survive. Why is this so? Perhaps it is simply that all human beings need to ponder?

Translation: Francesca Nichols